
Saksnr: 2020/1116-16
Saksbehandlar Hans-Christian Engum
Dato: 11.11.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering - Fråsegn til oppstart av statleg reguleringsplan for E39 Stord-Os

Statens Vegvesen varsla i brev av 16.9.2020 om oppstart av arbeid med statleg reguleringsplan for E39 Stord-Os.

Utarbeidinga av den statlege reguleringsplanen skjer innanfor rammene av statleg kommunedelplan for E39 Stord-Os. Denne vart vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i september 2019. Planen slår fast at det er alternativ F, med kryssing av Langenuen mellom Jektevik og Hodnanes som skal bli lagt til grunn for vidare regulering.

Fylkesutvalet vedtok fråsegn til høyring av den statlege kommunedelplanen gjennom to politiske saker som er å finne på desse lenkene:

<https://innsyn.vlfk.no/InnsynHFK19/DmbHandling/Details/8866>

<https://innsyn.vlfk.no/InnsynHFK19/DmbHandling/Details/12371>

Med utgangspunkt i tidlegare fråsegn og politiske saker har administrasjonen i Vestland fylkeskommune sendt administrativ fråsegn i saka, i tråd med *reglement for folkevalde organ og delegering*. Fråsegna er lagt ved dette notatet.

For å oppnå kostnadsreduksjonar og få mindre inngrep i område med miljøverdi foreslår Statens Vegvesen nokre stader å gå utanfor korridoren som er bandlagt i vedtatt kommunedelplan. Dette utløyser krav om konsekvensvurdering/-utgreiing for dei områda som ikkje er utgreia frå før. Planprogrammet for arbeidet vil kome på høyring i første del av 2021.